

Innkalling

Utval: Representantskapet SKS IKS
Møtestad: Lerstadvengen 545, kommunerevisjonen sine lokalar i 4. etasje.
Dato: 23.10.2024
Tidspunkt: Kl. 14:30

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 926 11735

Varamedlem møter etter nærare innkalling frå sekretariatet.

Sakliste

PS 09/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 10/24 Meldingar
MS 01/24 Invitasjon til deltaking om utgreiing av styrking av sekretariat.
PS 11/24 Godtgjersle til styret og representantskapet 2025.
PS 12/24 Representantskapet budsjett 2025 - økonomiplan 2026 -2028
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS
PS 13/24 Møteplan 2025 Representantskapet SKS IKS

Ålesund, 16.10.2024

Hans Kjetil Knutsen
Leiar representantskap

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 09/24	Representantskapet SKS IKS	23.10.2024

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si tilråding til vedtak:

Representantskapet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Representantskapet SKS IKS - 15.05.2024

Møteprotokoll

Utval: Representantskapet SKS IKS

Møtestad: Lerstadvegen 545, kommunerevisjonen sine lokale, 4. etasje.

Dato: 15.05.2024

Tidspunkt: kl. 13:00 - 14:00

Følgjande medlemmer møtte

Anders Lindbeck

Anne Berit Støyva Emblem

Einar Arve Nordang

Hans Kjetil Knutsen

Håkon Lykkebø Strand

Terese Jemtegård Moen

Vebjørn Krogsæter

Forfall

Jessica Gärtner

Kenneth Langvatn

Leonhard Vårdal

Turid Kristin Sand Humlen

Møtande varamedlem

Møtenotat

Frå styret deltok styreleiar Svein Ove Søholt.

Neste møte i representantskapet er onsdag 23. oktober 2024, kl. 12.00

Hans Kjetil Knutsen
Leiar representantskap

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Sakliste

- PS 05/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 06/24 Orienteringar
- OS 02/24 Orientering om regionalt samarbeid frå styreleiar Svein Ove Søholt.
- PS 07/24 Årsrekneskap 2023 Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS
- PS 08/24 Årsmelding 2023 Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

PS 05/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Representantskapet SKS IKS 15.05.2024

RSKS 05/24 Vedtak:

Representantskapet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Behandling

Samrøystes votering.

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 06/24 Orienteringar

OS 02/24 Orientering om regionalt samarbeid frå styreleiar Svein Ove Søholt.

Representantskapet SKS IKS 15.05.2024

RSKS 02/24 Vedtak:

Representantskapet tar orienteringa til vitande.

Behandling

Nytt forslag, foreslått av Hans Kjetil Knutsen:
Representantskapet tar orienteringa til vitande.

Representantskapet var samde om at det ikkje er aktuelt å starte arbeidet med eit nytt regionalt sekretariatselskap no. Skulle det kome ein invitasjon til eit nytt møte bør likevel styreleiar og dagleg leiar delta på dette for å være oppdatert. Representantskapet avviser ikkje at det kan være aktuelt ein gong i framtida om eit slik selskap blir skipa.

Samrøystes votering.

Styret SKS IKS 24.04.2024

SSKS 02/24 Vedtak:

Styre tek orienteringa til vitande.

Behandling

Styreleiar orienterte munnleg frå møte han deltok på 8. april 2024. Styre fekk høve til å diskutere og kome med spørsmål og synspunkt. Styre ventar på oppfølging av møte frå initiativtakarane men meiner representantskapet bør i møtet sitt 15. mai 2024 få same orientering frå styreleiar.

Samrøystes vedteke.

Sekretariatet si tilråding:

Saka leggst fram uten tilråding til vedtak.

PS 07/24 Årsrekneskap 2023 Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Representantskapet SKS IKS 15.05.2024

RSKS 07/24 Vedtak:

Representantskapet godkjenner rekneskap 2023 for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS med eit mindreforbruk på kr. 146.846,-

Behandling

Samrøystes votering.

Styret SKS IKS 24.04.2024

SSKS 06/24 Vedtak:

Styret tilrår at representantskapet godkjenner rekneskap 2023 for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS med eit mindreforbruk på kr. 146.846,-

Behandling

Samrøystes vedteke.

Sekretariatet si tilråding:

Styret tilrår at representantskapet godkjenner rekneskap 2023 for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS med eit mindreforbruk på kr. 146.846,-

PS 08/24 Årsmelding 2023 Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Representantskapet SKS IKS 15.05.2024

RSKS 08/24 Vedtak:

Representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS godkjenner årsmeldinga 2023 slik den ligge føre.

Behandling

Samrøystes votering.

Styret SKS IKS 24.04.2024

SSKS 07/24 Vedtak:

Styret tilrår at representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS godkjenner årsmeldinga 2023 slik den ligge føre.

Behandling

Samrøystes vedteke.

Sekretariatet si tilråding:

Styret tilrår at representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS godkjenner årsmeldinga 2023 slik den ligge føre.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 10/24	Representantskapet SKS IKS	23.10.2024

Meldingar

Underliggende saker

01/24 Invitasjon til deltaking om utgreiing av styrking av sekretariat.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 03/24	Styret SKS IKS	17.09.2024
MS 01/24	Representantskapet SKS IKS	23.10.2024

Invitasjon til deltaking om utgreiing av styrking av sekretariat.

Sekretariatet si tilråding:

Representantskapet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Sjå vedlagte invitasjon frå Møre og Romsdal Fylkeskommune ved kontrollutvalsekretær Einar K. Ulla og Kontrollutvalsekretariatet for Romsdal. Med bakgrunn i tidlegare diskusjonar i styre og representantskapet i SKS IKS er det signalisert tilbake til initiativtaker at SKS IKS ved styreleiar og dagleg leiar vil kunne delta på eit slikt møte.

Styreleiar og dagleg leiar vil gje representantskapet ei orientering om innhaldet i møte våren 2025.

Vedlegg

Invitasjon til å delta i ei utgreiing om styrking av sekretariata for kontrollutvala i Møre og Romsdal

240626 - Invitasjon til å delta i ei utgreiing om styrking av sekretariata for kontrollutvala i Møre og Romsdal(2)

Emne: Invitasjon til å delta i ei utgreiing om styrking av sekretariata for kontrollutvala i Møre og Romsdal

Kopi: Aspen, Jane Anita <jane.anita.aspen@kontrollutvalgromsdal.no>, Einar Kåre Ulla <Einar.Kare.Ulla@vlfk.no>

Til: Post <sksiks@sksiks.no>, Vest kontroll <post@vestkontroll.no>, postmottak@kristiansund.kommune.no, Bjørn Tømmerdal (bjorn.tommerdal@sksiks.no) <bjorn.tommerdal@ssks.no>, Ane Malene Søvik Nygård <ane.nygard@vestkontroll.no>, Knut Evandt <knut.evandt@kristiansund.kommune.no>

Sendt: 28.06.2024 08:33:20

Fra: Einar Kåre Ulla <Einar.Kare.Ulla@vlfk.no>

Invitasjon til å delta i ei utgreiing om styrking av sekretariata for kontrollutvala i Møre og Romsdal

Vedlagt invitasjon til deltaking i utgreiing om styrka sekretariatsfunksjon for kontrollutvala i Møre og Romsdal. Brevet er sendt til kontrollutvalssekretariata i fylket. Det er bedt om tilbakemelding innan 01.11.2024.

God sommar!

Med venleg helsing

Jane Anita Aspen
Dagleg leiar
Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal KO

Einar Ulla
Sekretær for kontrollutvalet
Møre og Romsdal fylkeskommune

Med helsing

Einar Ulla
seniorrådgjevar

Sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 971 90 734

www.vestlandfylke.no

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 11/24	Representantskapet SKS IKS	23.10.2024

Godtgjersle til styret og representantskapet 2025.

Sekretariatet si tilråding:

- Godtgjering for arbeidet i representantskapet og styret er satt til 2.071,- per møte.
- Leiar i representantskapet og leiar i styret skal ha fast årleg godtgjersle med tillegg av godtgjersle per møte. Godtgjersle til styreleiar utgjer 27.921,-. Godtgjersle til leiar av representantskapet utgjer 10.120,-. Hvis funksjonstida er under eit år blir den faste godtgjersla avkorta forholdsmessig.
- Nestleiar i representantskapet og nestleiar i styret skal ha 2.967,- i godtgjersle per møte dersom dei må tre inn og leie møtet i leiaren sitt fråvær.

Bakgrunn:

Etter kommunelova kapittel 8, rettigheter og plikter for folkevalde, har den som har eit kommunalt tillitsverv krav på skyss, kost og overnattingsgodtgjersle for reiser som følgje av vervet sitt etter gjeldande reglar.

Tap av inntekt og påførte utgifter som følgje av kommunalt tillitsverv skal godtgjerast opp til et visst beløp per dag. Det skal vidare fastsettast ulike satsar for dokumenterte og ikkje dokumenterte tap.

Det følgjer vidare av lova at den som har eit kommunalt tillitsverv har krav på godtgjersle for sitt arbeide etter nærare reglar.

Eksisterande godtgjersle i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS er følgjande (vedtatt i sak 07/23 i representantskapet på møte 25. oktober 2023) :

- *Godtgjering for arbeidet i representantskapet og styret er satt til 1.989,- per møte.*
- *Leiar i representantskapet og leiar i styret skal ha fast årleg godtgjersle med tillegg av godtgjersle per møte. Godtgjersle til styreleiar utgjer 26.821,-. Godtgjersle til leiar av representantskapet utgjer 9.721,-. Dersom funksjonstida er under eit år blir den faste godtgjersla avkorta forholds messig.*
- *Nestleiar i representantskapet og nestleiar i styret skal ha 2.850,- i godtgjersle per møte dersom dei må tre inn og leie møtet i leiaren sitt fråvær.*

Vurdering:

Det er lagt inn et forslag på vekst i satsane på 4,1 % noko som tilsvarar kommunal deflator 2025 frå Kommunenes Sentralforbund.

Representantskapet står fritt til å følge framlagte forslag eller gjere vedtak på andre satsar.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 12/24	Representantskapet SKS IKS	23.10.2024

Representantskapet budsjett 2025 - økonomiplan 2026 -2028 Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Styret si tilråding:

Styret i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS tilrår representantskapet å gjere følgjande vedtak:

1. Budsjett 2025 og økonomiplan 2026 - 2028 for Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS blir vedteke slik det ligg føre i vedlegg nr. 1, jf. også fordelingstabell vedlegg nr. 2
2. Deltakarkommunane betaler inn sin budsjetterte del av utgiftene med 1/3 med forfall 1.mars, 1. juli og 1. november i budsjettåret.

Bakgrunn:

Budsjettforslaget er sett opp i samsvar med § 18 i Lov om interkommunale selskap og skal gi eit realistisk bilete av verksemda og det forventa resultatet av drifta for 2025.

Den enkelte deltakarkommune sin budsjett del for 2025 er ei teknisk utrekning i samsvar med den selskapsavtalen (gjeldande frå 1. januar 2020) der også forventa medgått tid er ein faktor.

Budsjettforslaget bygger på 2 ansatte (dagleg leiar og seniorrådgiver) i selskapet. Selskapet fortsetter å leige lokalar i Lerstadvegen 545 som i dag og behovet for fagleg påfyll vert løyst ved deltaking på konferansar i regi av Noregs kommunerevisorforbund (NKRF) og Forum for kontroll og tilsyn (FKT).

Budsjettforslaget for 2025 er sett opp med utgangspunkt i god kommunal rekneskapskikk og er i tråd med kommunal kontoplan.

Vedtaket frå møte i representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS blir sendt over til medlemskommunane snarast.

Vedlegg

Styre forslag budsjett 2025 til repskap sks iks.pdf

Vedlegg 1

Budsjett 2025 Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

	Budsjett 2025	Budsjett 2024	Rekneskap 2023
1010 lønn faste stillinger	2 250 000,00	2 200 000,00	2012843
1058 avg. pliktig bilgodtgjørelse			4200
1082 møtegodtgjørelse	150 000,00	130 000,00	136511
1090 pensjonsutgifter KLP fellesordning	400 000,00	450 000,00	267539
1094 forsikring ulykke/gruppeliv - oppgavepliktig	7 000,00	6 000,00	
1099 arbeidsgiveravgift	400 000,00	300 000,00	366948
sum lønnskostnader	3 207 000,00	3 086 000,00	2 788 041,00
1100 kontormateriell, faglitteratur, aviser	36 000,00	35 000,00	20297
1115 kommunal servering	10 000,00	6 000,00	8022
1129 andre forbruksvarer/tjenester	10 000,00	6 000,00	1779
1130 telefon/datakommunikasjon	40 000,00	40 000,00	35054
1131 porto/frakt	1 000,00	1 000,00	
1133 bankgebyr	5 000,00	3 000,00	
1138 naturalytelse (ikke oppg/avgiftspliktig)			
1139 motkonto til 1138			
1150 kurs/opplæring, ikke oppgavepliktig	60 000,00	100 000,00	40337
1160 bilgodtgjørelse - opplysningspliktig	35 000,00	20 000,00	39484
1170 transport/reiseutgifter ansatte - ikke oppgavepliktig	30 000,00	50 000,00	16255
1180 strøm	5 000,00	3 000,00	367
1186 yrkesskade/ulykkesforsikring - ikke oppgavepliktig	10 000,00	13 000,00	4360
1190 husleie	175 000,00	150 000,00	165336
1196 lisenser/kontigenter	250 000,00	170 000,00	188492
1199 andre avgifter/gebyrer			
1200 inventar og utstyr (kjøp og finansiell leasing)	40 000,00	50 000,00	20457
1260 kjøp av renhold	10 000,00	7 000,00	8022
1271 konsulenttjeneter	150 000,00	50 000,00	139455
1429 merverdiavgift utenfor mva loven (komp)			121785
1502 andre finansutgifter	1 000,00	1 000,00	
sum driftskostnader	868 000,00	705 000,00	800 785,00
Sum kostnader	4 075 000,00	3 791 000,00	3 588 827,00
1710 refusjon sykelønn			1252
1729 komp mva			121785
1750 refusjon andre kommuner (eventuell tilleggsfakturering)			3487
1780 salg til andre (deltakeravgift)	4 075 000,00	3 800 000,00	3540669

sum inntekter	4 075 000,00	3 800 000,00	3 667 193,00
driftsresultat			78 365,00
renteinntekter			68 480,00
Årsresultat	-	9 000,00	146 845,00

Forslag til økonomiplan / langtidsbudsjett 2025-2028 SKS IKS

	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Deltakaravgift kommuner	4 075 000	4 346 175	4 524 368	4 709 867
Lønn/personalkostnader	3 207 000	3 442 587	3 583 733	3 730 666
Andre driftskostnader	868 000	903 588	940 635	979 201
Sum kostnader	4 075 000	4 346 175	4 524 368	4 709 867
Resultat	0	0	0	0

Det er lagt til grunn ein kommunal deflator på 4,1 % på alle åra

Vedlegg 2

Budsjettert fordeling av deltakarkostnader SKS IKS 2025

	andel	50 % eigerdel	medgått tid	% medgått tid	totalt 2024
Ålesund	5	926138	570500	28	1496638
Fjord	1	185227	244500	12	429727
Giske	1	185227	244500	12	429727
Stranda	1	185227	244500	12	429727
Sula	1	185227	244500	12	429727
Sykkylven	1	185227	244500	12	429727
Haram	1	185227	244500	12	429727
sum	11				4075000

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 13/24	Representantskapet SKS IKS	23.10.2024

Møteplan 2025 Representantskapet SKS IKS

Sekretariatet si tilråding:

Onsdag 7. mai, kl. 12.00, Breivika

Onsdag 19. oktober, kl. 12.00, Breivika

Bakgrunn:

Representantskapet møtes i 2025 onsdag 7. mai og onsdag 19. oktober, begge dagar kl. 12.00 hos sekretariatet i Breivika. Ved behov kan fleire møte avtalast.